



Radøy Kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Dato: 26.04.2019

Vår ref.: 2018/17460-95

Saksbehandlar: hanespe

Dykkar ref.:

Att. Katarina Birkeland

Lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom 2019 - Underretning om tildeling

Vi viser til søknaden dykker om tilskot til *Lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom 2019*.

Hordaland fylkeskommune, Utval for kultur, idrett og regional utvikling, har i møte 25.04.2019, politisk sak 58/19, vedteke å tildele dykk tilskot til følgjande tiltak:

Tiltak	Tildelt
Seek `n`find	40.000,-
Aktiv ferie	40.000,-
Utlånsbu	Avslag

Politisk sak med individuell grunngjeving vert lagt ved.

Ved søknadsfristen 15. februar var det kome inn 59 søknader. Samla søkesum var om lag 4,3 millionar kroner. Det er totalt 2.040.000 kr til fordeling til *Lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom 2019*. Tildelinga er sett i samanheng med andre fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Ved avgjerda av dykker sak har utval for kultur, idrett og regional utvikling lagt til grunn dei opplysningane som går fram av søknaden. Utvalet fann at dei vedtekne vilkåra for tildeling er oppfylte og at dykker tiltak, etter ei samla vurdering, vert tilgodesett.

Utbetaling

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura i EHF – format til Hordaland fylkeskommune. Vi ber om at dette vert gjort så snart som mogleg, og seinast innan 1. juni.

Elektronisk fakturaadresse: 9908:938626367

Aksesspunkt: Visma

Saksnummer: 2018/17460

Ressursnummer: 12564

Beløpet vil bli utbetalt når Hordaland fylkeskommune har mottatt og handsama EHF-faktura med korrekt merking med saksnummer og ressursnummer. De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Føresetnader for tilsgnet

Vedtaket byggjer på følgjande føresetnader:

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med prosjektplan samt kostnads- og finansieringsplan slik det går fram av søknaden (m/vedlegg.) Tilsegnsmottakar skal gjennomføre rapportering/levere rekneskap samt medverke ved eventuell kontroll som nemnt under.

Dersom tiltaket vert gjennomført med billetsal skal tilsegnsmottakar akseptera ordninga med følgjekort («ledsagerbevis») for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal ha rett til gratis billett til sitt følge. Om føresetnadene ikkje vert oppfylt, kan tilskotet bli skjønnsmesseg avkorta eller falle bort. Vi ber om at Hordaland fylkeskommune vert gjort synleg som tilskottsmottakar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på <http://www.hordaland.no/logo>.

Rapportering

Rapport og rekneskap sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga ved prosjektlutt og seinast innan 15. januar 2020. Rapporten skal minst innehalde desse punkta:

- Skildre gjennomførte tiltak og i kva grad målsettinga vart nådd.
- Peike på eventuelle avvik og grunngje desse.
- Informere om eventuell vidareføring.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollera at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskottsmottakar pliktar - etter førespurnad - å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei dokument og opplysningane dei finn påkrevd for sin kontroll. Brot på vilkår og føresetnadar dersom tiltaket ikkje vert gjennomført skal midlane betalast attende. Dersom det ligg føre vesentlege avvik frå prosjektsøknaden eller andre føresetnader for vedtaket eller krava til rapportering/kontroll ikkje vert oppfylt kan vedtaket om tildeling verte gjort om med krav om heil eller delvis tilbakebetaling.

Klage/partsinnsyn

Vedtaket kan påklagast i medhald av forvaltningslova § 28. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans for vedtak knytt til midlar løyvd frå Hordaland fylkeskommune. Klage vert sendt til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga. Klagefrist er tre veker frå søker mottar melding om vedtaket.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Lukke til vidare med dykker arbeid med å skape ein aktiv kvar dag for folk i Hordaland!

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld
fylkesidrettssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.